



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 06.01.2017
Vår ref.: 2016/3117-7
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Servicebygg Jondal ferjekai - fylkeskommunal løyving - vedtak i fylkesutvalet

Vedlagt følgjer saksframlegg og vedtak i fylkesutvalet i sak PS 284/2016. Hordaland fylkeskommune ber Statens vegvesen følgja opp vedtaket, herunder inngå avtale med Jondal kommune. Kontaktperson i SVV er Erling Hodneland.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2016/3117-5

Saksbehandlar: Bente Utne

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	102/16	03.11.2016
Fylkesutvalet	284/16	16.11.2016

Servicebygg Jondal ferjekai – fylkeskommunal løyving**Samandrag**

I samband med budsjettvedtaket for 2016 vedtok fylkestinget at det skulle løyvast midlar til servicebygg på Jondal ferjekai. Jondal kommune har fått utarbeidd plan for oppgradering av utearealet mellom biloppstillingsplassen og sjøen, og planlagt servicebygget.

Ettersom servicebygget også skal innehalda ein kommunal næringsdel, og standarden på bygget er høgare enn andre venterom, går Jondal kommune inn som byggherre og med kommunalt tilskot. Kommunen har fått tilsegn om noko ekstern finansiering til prosjektet.

Fylkesrådmannen har forhandla fram eit forslag til avtale med Jondal kommune. Etter dette blir Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot 3 mill kr når bygget står ferdig, og eit årleg driftstilskot til 70.000 kr. I fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 er det lagt inn ei løyving på 3 mill kr til servicebygget.

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet godkjenner forslaget til avtale med Jondal kommune om delfinansiering av servicebygg på Jondal ferjekai, og årleg driftstilskot til dette.
2. I forslag til budsjett for 2017 har fylkesrådmannen lagt inn ei løyving på 3 millionar kroner til servicebygget.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016

Stein Inge Ryssdal (H) sette fram slikt forslag:

«Stryk punkt 2.»

Røysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ryssdal sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 12 røyster mot 1 røyst (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner forslaget til avtale med Jondal kommune om delfinansiering av servicebygg på Jondal ferjekai, og årleg driftstilskot til dette.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner forslaget til avtale med Jondal kommune om delfinansiering av servicebygg på Jondal ferjekai, og årleg driftstilskot til dette.

Fylkesrådmannen, 17.10.2016

Bakgrunn – budsjettvedtak 2016

I samband med handsaming av budsjettet for Hordaland fylkeskommune for 2016, vedtok fylkestinget følgjande tillegg:

Kollektivknutepunkt

Det er viktig å tilretteleggja for effektive kollektivknutepunkt. Med nye samferdselsløysingar er Jondal eit slikt knutepunkt. Fylkestinget føreset at det vert avsett naudsynnte midlar til å ferdigstillare arealet på kaien med servicebygg.

Investering – servicebygget og uteområdet

Jondal kommune har fått utarbeidd planar for oppgradering av utearealet mellom biloppstillingsplassen og sjøen, og fått planlagt servicebygget.

Kommunen har fått tilsegn om midlar frå Nasjonale Turistvegar og HNH-midlar (Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland).

Servicebygget

Bygget har eit bruttoareal på 56,6 kvm, av dette utgjer venterom/servicedel 41 kvm og toalettanlegg 15 kvm. Servicedelen utgjer omlag halve arealet, og mogeleg bruk ifølgje teikning er kaffibar/pub/minibakeri. Det er lagt opp til mogeleg fysisk deling mellom venterommet og servicedelen. Jondal kommune har gitt tilsegn om midlar (sjå under Finansiering) for å dekkja servicedelen (sjå vedlegg). Jondal kommune har lagt opp til slik politisk handsaming:

- Hovudutval for teknisk, næring og kultur har samrøystes tilrådd innstillinga frå rådmannen
- Kommunestyre 2. november 2016

SVV, HFK ved samferdselsavdelinga og Jondal kommune har hatt ein prosess med fleire møte, for å finna fram ei løysing for eige, drift og byggherreansvar for prosjektet. Ettersom bygget også har ein servicedel synest det naturleg at Jondal kommune tar ansvar for dette, men med fylkeskommunalt tilskot til investering og drift.

Byggherreansvaret

HFK ønskjer å halda på prinsippet om at byggherren har ansvar for meirkostnader. Jondal kommune sa seg villig til dette, men tok då høgde for høgare uføresette kostnader på grunn av usikkerheita som ligg i arbeidet i sjø, og det å ta eit totalansvar for ein eventuell kostnadsauke i prosjektet.

Jondal kommune sitt kostnadsanslag er følgjande:

Landsbyttorg/sjøfront/parkering	kr 1 815 000 eks. mva
Servicebygg	kr 2 850 000 eks. mva
Fundamentering i sjø	kr 1 000 000 eks. mva
Byggjeleing/prosjektering + 15%	kr 835 000
Totalt	kr 6 500 000 eks mva

Finansiering

Kommunen har hatt dialog med regionalavdelinga, som har gitt tilsegn om HNH-midlar, kr 700.000 til uteområdet. I tillegg har kommunen fått tilsegn om 10%, maksimalt 1 mill kr, frå Nasjonale Turistvegar.

Gjennom prosessen har fylkesrådmannen no forhandla fram finansieringsopplegg der Jondal kommune går inn med 2,15 mill kr og HFK med 3 mill kr. Etersom Jondal kommune er byggherre, kan sluttsummen frå kommunen bli både høgare og lågare enn 2,15 mill kr.

Finansieringsplan:

Jondal kommune	kr 2 150 000
Nasjonale Turistvegar (10%, maks 1 mill)	kr 650 000
HNH midlar	kr 700 000
Hordaland Fylkeskommune	kr 3 000 000
Totalt	kr 6 500 000

Drift av området og bygget

Etersom Jondal kommune blir eigar av bygget/området, er det også naturleg at kommunen tek på seg drifta. Vedlikehald av Landsbyttorg og sjøfront ser alle partar som Jondal kommune sitt ansvar.

Jondal kommune har estimert driftskostnadane (reinhald, kommunale utgifter, straum, vedlikehald, forsikring, måling mv) for venterommet, toalettanlegget, næringsarealet og areal/parkering rundt bygget til opp mot kr 200.000 pr år.

Statens vegvesen har innhenta erfaringstal frå andre venterom/toalett. Det er ulike ordningar, men vegvesenet har rekna ein gjennomsnittleg årskostnad på omlag 109.000 kr (sjå under).

Etersom næringsarealet (20 m²) er stipulert til å utgjera ca 1/3 av kostnaden, landa ein på eit årleg tilskot frå Hordaland fylkeskommune med kr 70.000. Dette beløpet blir prisjustert med konsumprisindeksen

Samanlikningstal ved Statens vegvesen

Investering

HFK har bedt om erfaringstal frå SVV for tilsvarende anlegg, og har fått følgjande eksempel:

- 1) *Det siste venterommet vi har bygget er fv 49 Jektevik. Bygget stod ferdig tidlig i 2014 og kostet ca 1,7 mill.kr. Her er venterom og toalett. Eksklusive mva blir dette ca 1,4 mill kr.*
- 2) *Terminalbygget på Årsnes ferjekai opna 1. juli 2010 og kosta 1,030 mill.kr.*

Drift

Ellers varierer kostnadene med driften av venterommene fra plass til plass. Det avhenger av beliggenhet og bruk. For de fleste plassene inngår kostanden i driftskontrakten. Men det er også gratis utleie av lokaler om at leietaker står for reinhold av toalett mv. t.d Trengereid.

Gjennomsnitt frå driftskontrakt Midt/Nord/Sunnhordland: kr 109.000 pr år inkl mva (inklusive maling mv). Eks: på E39 Haugsværtunet betaler SVV 100 000 kr år for toalettet, E134 Liamyrene (brøyting/rydding/toalett) 190 000 kr.

Fylkesrådmannen si vurdering

Etter fylkesrådmannen sitt syn er det positivt at området ved Jondal ferjekai blir oppgradert, og at ein får på plass venterom/toalett til publikum. Kostnaden for servicebygget er noko høg ettersom bygget har høgare standard enn tilsvarende venterom andre stader i fylket. Bygget ligg sentralt i Jondal sentrum, der ein rustar opp utearealet mellom ferjeoppstillingsplassen og sjøen. Dette kan forsvare ein høgare standard enn på ein ferjekai utafor sentrum. I tillegg går Jondal kommune inn med eige tilskot. Fylkesrådmannen er positiv til spleiselag mellom kommunar og fylkeskommunen når det gjeld servicebygg og andre tiltak.

Bygget inneheld eit disponibelt rom (service/næringsrom) som fysisk kan skiljast frå venterommet. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at Jondal kommune er byggherre og har gode føresetnader til å styra prosjektet. Sjølv om investeringskostnaden ligg noko over andre venterom, vert det vist til at driftskostnadane ligg under gjennomsnittet for tilsvarende anlegg.

Fylkesrådmannen vil likevel minna om at kvart nytt anlegg som kjem inn under drift av fylkesvegar, vil pressa drifts-/vedlikehaldskostnadane for vegane. Det har dei seinare åra ikkje vore mogeleg å halda seg innafor rammene på dette området, mellom anna fordi det i budsjettet ikkje er rom for uføresette hendingar, som uver, ras og nødvendige akutttiltak.

Fylkesrådmannen vil også minna om at det eit stort behov for oppgradering av haldeplassar og kollektivknutepunkt i fylket. I samband med kollektivstrategi for Hordaland blei det gjennomført ei kartlegging som dokumenterer dette. Fylkesrådmannen viser til dei årlege plan- og byggeprogram for kva andre tiltak innan dette området som er prioritert.

Vedlegg: Saksframlegg Jondal kommune
Forslag til avtale med Jondal kommune